

# Tilskot til skogsvegar, taubane o.a

Nærings- og miljøtiltak i Skogbruket (NMSK)



## Felles overordna retningslinjer

Prioritering av tilskot og saksbehandling

Gjeldande for alle kommunane i Rogaland frå 01.01.2022

Revidert 4. mai 2022

## Innhald

Formål og bakgrunn .....	3
Overordna føringar .....	3
Status og behov .....	3
Regelverk.....	5
Proessen .....	6
Tilskot til taubane o.a.....	7
Tilskot til bygging av skogsvegar .....	9

## Formål og bakgrunn

Hovudformålet med tilskotsordninga er å auke verdiskapinga frå skogen gjennom god utnytting og berekraftig hausting av skogressursane. Gode og framtidretta vegløyningar uavhengig av eigedomsgrenser er sentralt og avgjerande for optimal utnytting av skogareala.

Klimaendringane, utfordrande topografi og industrien sine krav til ferskt råstoff gjennom heile året stiller store krav til planlegging, vegstandard og driftsmetodar. Bruk av taubane til uttak av tømmer er ein miljøvennleg driftsform utan tekniske inngrep i terrenget som reduserer faren for ras og erosjon, og vil vere viktig for å kunne utnytte skogressursane i det mest utfordrande og brattaste terrenget. Effektiv/økonomisk taubanedrift vil vere avhengig av gode vegløyningar.

Det er lagt ned stor innsats med å utarbeide hovudplanar for skogsvegar i dei fleste kommunane. Hovudplanane vil vere ei viktig rettesnor for styring av dei økonomiske verkemidlane og mobiliseringsarbeidet for å få gjennomslag for gode felles vegløyningar. Godt planlagte vegløyningar er svært viktig for økonomien og sluttresultatet av skogsdrifta.

Det har vore og er lite hogstmoden granskog tilgjengeleg i Rogaland. Dei siste åra har det vore rekordstor hogstaktivitet, der over 80 % er granhogst. Det har vore ei kraftig overavverking på gran, og uttak av gran lenge før skogen er hogstmoden. Ordninga vil difor leggje vekt på tiltak som vrir hogsten over på furu- og lauvskog, og der det samtidig vert lagt til rette for å auke skogproduksjonen vesentleg med ny rettvaksen kvalitetsskog.


## Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst. Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030
- Kystskogmeldinga (2015)
- Regionalplan for landbruket i Rogaland 2011
- Hovudplan for skogsvegar

## Status og behov

Rogaland har svært gode forhold for skogproduksjon. Tal frå siste fylkestakst\* viser at over 55 % av det produktive skogarealet har ein potensiell bonitet på G17 eller betre. Gran utgjer 16 % av det produktive arealet på 1,42 mill. dekar. Gran står for 50 % av årleg tilvekst på totalt 500 000 m<sup>3</sup> – figur 1 og 2.



Figur 1 og 2

Fylkestaksten viser at 54 % av volumet med hogstmoden skog står på areal med vanskelege driftsforhold med stigning over 33 %. Taubanedrift vil vere einaste aktuelle driftsmetode for å kunne utnytte delar av dette volumet som står i bratt og vanskeleg terreng.


Vegdekninga i Rogaland er låg og på litt over 5 meter skogsbilveg per hektar. Dette er under halvparten samanlikna med dei store skogfylka som har ein vegdekning på det produktive skogarealet på over 10 meter skogsbilveg per hektar.. Fylkestaksten viser at 55 % av hogstmodent volum står lengre enn 500 meter frå nærmaste skogsbilveg.

Historisk er det bygd mange traktorvegar i Rogaland for å sikre tilkomst til skogareala. Desse er ofte ikkje tilpassa moderne drift og driftsutstyr, og dagens krav til effektiv drift med kort avstand til skogsbilveg.


Det er utarbeidd hovudplanar for skogsvegar i dei fleste litt større skogkommunane. Planane visar eit vegbyggingsbehov på 260 km. Realisering av dette i løpet av ein 15-årsperiode betyr at det må byggjast over 17 km årleg. I tillegg kjem utbygging av sekundærvagnettet - traktorvegar. Investeringsbehovet ut frå dette er på over 17 mill. kr årleg, dersom ein legg til grunn ein gjennomsnittleg meterpris på 1000 kr for skogsbilveg.

Vegbyggingsaktiviteten dei siste åra ligg godt under vurdert behov. Framover vil det vere størst behov for ombygging av traktorvegar og i tillegg nyanlegg av skogsbilvegar for å sikre rasjonell og framtidsretta hausting og fornying av skogressursane.

Oversikt over vegbyggingsaktivitet og driftstilskot går fram av figur 3 og 4 under.



Figur 3



Figur 4

\*NIBIO Ressursoversikt 02/2013 - Landskogtakseringen

## Regelverk

Forvaltninga av tilskot til skogsvegar og taubanedrift, hest o.a. er heimla i «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» § 3, 5 og 7.

Vedtaksmynde og ansvar for sakshandsaminga er lagt til kommunen, og det skal utarbeidast overordna retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubanedrift, hest o.a. Retningslinene skal utarbeidast i dialog mellom Fylkesmannen, kommunane og næringsorganisasjonane.

Retningslinene skal vere styrande for prioritering av tilskot og forvaltning/praktisering av tilskotsordninga.

### **Naturmangfaldlova**

Alle saker og vedtak skal i utgangspunktet vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova. Men dette er ikkje nødvendig i samband med vedtak om tilskot til skogsvegar, fordi prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8- 12 allereie er vurdert i samband med handsaming etter «landbruksvegforskrifta».

For alle hogsttiltak er det i utgangspunktet ingen krav om behandling etter naturmangfaldlova og vurdering av dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12. Det er gjeldande miljøkrav nedfelt i skogbrukslova og tilhøyrande "Forskrift om bærekraftig skogbruk" som gjeld for alle hogsttiltak.

Unntaket er førehandsgodkjenning av tilskot til taubanedrift og ordinært driftstilskot. Her skal dei miljørettslege prinsippa § 8-12 i naturmangfaldlova vurderast og gå fram av saksutgreiing/ vedtak.

### **Prosesen**

Felles overordna retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubenedrift o.a. for alle kommunane i Rogaland er utarbeida i samarbeid mellom kommunane, skognæringa og Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har vore sekretær for revisjonsarbeidet etter ynskje frå kommunane.

Dei reviderte retningslinene byggjer på "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruken", og tidlegare felles retningsliner for alle kommunane frå 2020.

Forslaget til mindre justeringar av retningslinene blei sent ut på høyring 18. mars 2022 med frist for innspel og merknadar 31. mars 2022. Den største endringa i forslaget som blei sendt ut, er justering av tilskotssatsane i tråd med kostnadsauke. Rutinar rundt saksbehandling og førehandsgodkjenning av alle drifter er uendra. Innkomne merknadar støttar forslaget til justeringar av felles retningsliner for tilskot til skogsvegar, taubane o.a. med tilbakevirkande kraft frå og med 01.01.2022

Evaluering av driftsstøtte og ordninga «styrking av eksisterande skogsvegar» er utsett til 2024 på grunn av Covid-19 som har ført til liten aktivitet.

Det betyr at desse felles retningsliner for tilskot til skogsvegar, taubane o.a. trer i kraft og gjeld for alle kommunane i Rogaland frå 01.01.2022. Kommunane må sjølv vurdere korleis dei sikrar forankring og marknadsføring av desse endringane.

## Tilskot til taubane o.a.

### Verkeområde

Tilskotsordninga gjeld ved bruk av taubane, slepebane og løypestreng. I tillegg kan det gis tilskot til skogsdrifter der driftskostnadane er spesielt høge på grunn av lang terrengtransport, og til drifter der ein styrker veginvesteringane i område med gode og etablerte skogsbilvegløysingar ved å få større og meir samanhengande felt med høgproduktiv kvalitetsskog.

Alle private og offentlege skogar over 10 dekar er omfatta av ordninga. Areal som skal omdisponerast til andre formål enn skogbruk fell utanfor ordninga.

### Vilkår for tilskot

- Det skal takast omsyn til skogområda sine funksjonar med tanke på biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.
- Det er krav om at det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området. I område utan MiS-registreringar, skal det gjennomførast føre-var-tiltak som er nedfelt i Norsk PEFC Skogstandard.
- Arealet skal tilplantast etter hogst.
- Krav til hogsmodenhet og minimumsalder for gran – sjå tabell under.

• Bonitet	• Lågaste totalalder
• G23 og betre	• 65 år
• G20	• 75 år
• G17	• 85 år

- Tilskotet og drifta skal ikkje undergrava utbygging av eit rasjonelt vegnett.
- Det skal leggjast til grunn god arrondering av hogstfeltet for å sikre eit rasjonelt driftsopplegg og god utnytting av skogressursen.
- Alle søknader om tilskot til både taubanedrift og ordinær driftsmetode/driftstøtte krev førehandsgodkjenning av kommunen med vurderingar etter naturmangfaldlova - § 8-12.

## Tilskotssatsar

### Taubane:

- *Banelengde under 150 m:*  
**70 kr/fm<sup>3</sup>** for gran, **150 kr/fm<sup>3</sup>** for furu og **175 kr/fm<sup>3</sup>** lauv
- *Banelengde over 150 m:*  
**140 kr/fm<sup>3</sup>** for gran, **300 kr/fm<sup>3</sup>** for furu og **350 kr/fm<sup>3</sup>** lauv
- *Bruk av lekter påmontert taubane, ev. kombinasjon med spesialutstyr:*  
**140 kr/fm<sup>3</sup>** for gran, **300 kr/fm<sup>3</sup>** for furu og **350 kr/fm<sup>3</sup>** lauv

### Ordinær driftsmetode:

#### **Driftstilskot for lang terrengtransport**

I område der det ikkje er økonomisk grunnlag for å byggje veg og der terrengtransporten er over 500 meter, kan det utbetalast driftstilskot på **100 kr/fm<sup>3</sup>** til lauvdrifter og **50 kr/fm<sup>3</sup>** til furudrifter over 100 fm<sup>3</sup>.

#### **Driftstilskot for styrking av eksisterande veginvesteringar**

Det kan gis tilskot til ordinær hogst i furu- og lauvskog som bidrar til vesentleg auke i skogproduksjon gjennom treslagsskifte for styrking av eksisterande veginvesteringar. Dette skal skje gjennom fortetting og betre arondering i tilknytning til eksisterande plantefelt og veganlegg med minimum vegstandard skogsbilveg klasse 4.

Det kan gis **100 kr/fm<sup>3</sup>** for furu og **150 kr/fm<sup>3</sup>** for lauv til drifter over 10 dekar.

Driftstilskotet til styrking av eksisterande veginvesteringar er ei prøveordning som skal evaluerast etter 2 år. Det settjast av ei årleg ramme på maksimalt 750 000 kroner til uttesting.

#### **Søknad og saksbehandling**

Alle søknader om tilskot til både taubanedrift og ordinær driftsmetode krev førehandsgodkjenning av kommunen med vurderingar etter naturmangfaldlova - § 8-12. Det inkluderer blant annan vurdering og utsjekk av viktige miljøverdier i Naturbase og Artskart.



Ved søknad om førehandsgodkjenning skal ordinært søknadsskjema – «*Søknad om tilskudd til drift med taubane, hest o.a.*» (LDIR-916 ) med kartvedlegg brukast. Lenke skjema: [Tilskot til skogsdrift med taubane, hest og andre driftsmetodar - Landbruksdirektoratet](#)

Same skjema (Ldir-916) m/kartvedlegg som viser det endelege driftsområdet brukast når drifta er avslutta og for utbetaling av tilskot. Søknadsskjemaet skal ha underskrift av skogeigaren, og sendast til kommunen seinast 2 månader etter at drifta er avslutta.

Før utbetaling av tilskot skal kommunen ha vore på feltkontroll og godkjent gjennomføringa av drifta. Tilskotet kan betalast ut direkte til skogeigar eller tredjepart.

Oppfølging av brot på vilkår og ev. tilbakebetaling, dispensasjon, klage m.m. går fram av «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*».

## Tilskot til bygging av skogsvegar

### Virkeområde

Alle større skogkommunar skal ha utarbeidd hovudplan for skogsvegar for tildeling av tilskot frå fylke. Vegbanken i ØKS skal brukast for å melde inn kommunevise behov.

Det kan gis tilskot til nybygging eller ombygging av eksisterande skogsvegar.

Det kan berre gis tilskot til vegar som er handsama og godkjent etter «*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*», eller etter plan- og bygningslova.

Det gis ikkje tilskot til enkel traktorveg vegklasse 8, vedlikehald og til veganlegg der anleggskostnadene er under 50.000 kroner

Det kan gis ekstra tilskot til vegplanlegging og byggeleiing utført av profesjonell, eller godkjent, vegplanleggjar.

### Vilkår for tilskot

1. Vegen skal byggjast i samsvar med gjeldande «*Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse*», fastsatt av Landbruks- og matdepartementet 2016.
2. Før anleggsarbeidet settes i gong skal det foreligge ein byggjeplan med kostnadsoverslag godkjent av kommunen\*\*.

3. Ein føresetnad for tilskot er at dekningsområdet (skogdelen av dekningsområdet for veganlegg med andre interesser) vert nytta til skogbruksformål og at ein sørgjer for vedlikehald av vegen.
4. Veglinja skal vere stukken i marka og byggjast etter den godkjende veglina, og det skal takast omsyn til naturmiljø, friluftsliv og kulturminne ved bygging av vegen.
5. Grunn til veganlegget og eigna areal for virkeslevering må vera sikra/avklart.
6. For større fellesanlegg skal det etablerast eit veglag/vegforening med eit ansvarleg styre.
7. Underskriven vedlikehaldsavtale må vere ordna før utbetaling av tilskot.
8. Byggjeplanar som har verknad for andre styresmakter må vere avklart på førehand og dokumentert – eks: avkjøring offenleg veg – Statens vegvesen. Kryssing større vassdrag – NVE/FM/RFK m.m.
9. Det skal stillast krav om hogstvilkår/eit bestemt hogstkvantum som må hoggast innan 8 år, eller unntaksvis 15 år. Det kan også setjast vilkår om planting av eit bestemt areal\*\*\*.

\*\*Krav til innhald i byggjeplan er spesifisert på baksida av søknadsskjema «Søknad om tilskot til vegbygging» (SLF-903) og omhandlar følgjande punkt/tema:

- Senterlinje
- Kart
- Lengdeprofil
- Tverrprofilar og masseutrekning
- Arbeidsbeskriving
- Kostnadsoverslag og mengdeoversikt

\*\*\*Areal som inngår som plantevilkår skal teiknast inn på kart og følgja søknaden om tilskot. Vilkåra skal fastsetjast med utgangspunkt i skogbruksplan, eller etter ei skjønnsmessig vurdering av kommunen. Tommelfingerregel for skogbilvegar 120-140 kr i tilskot = 1 m<sup>3</sup> i vilkår. For traktorvegar 100-120 i tilskot = 1 m<sup>3</sup>. For planting er 400 kr i tilskot = 1 dekar tilplanta. Ved fastsetjing av vilkåra skal hogstkvantum og planteareal til vanleg vurderast med utgangspunkt i heile eigedomen.

## Tilskotssatsar

- ✓ Traktorvegar 30 – 45 %
- ✓ Skogsbilvegar 30 – 60 %
- ✓ Ekstratilskot til bruk av profesjonell vegplanleggjar 3 %
- ✓ Ekstratilskot til byggeleiing v/profesjonell vegplanleggjar 3 %

Ekstratilskotet kjem på toppen av normal utmåling/vurdering av tilskotssats. Kommunen skal bruke poengskjema M-016 og andre opplysningar i søknaden som grunnlag for fastsetting av tilskotssats.

Berre unntaksvis kan det til skogsbilvegar og større fellesanlegg ytast inntil 70 % tilskot. Anlegg i tråd med hovudplan skogsvegar, og der det er brukt ein profesjonell vegplanleggjar skal premierast med høgare sats.

### Prioritering av tilskot:

- Vegar bygde som sams tiltak etter jordskifteloven skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.
- Anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar.
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal.
- Vegar som medverkar til aktiv utnytting av furu- og lauvskog for å sikre god råstofftilgang til lokale sagbruk og bioenergianlegg.
- Bilvegar.
- Ombygging.
- Veganlegg med utgangspunkt i offentleg veg utan flaskehalsar som kan køyrast med fulle vogntog - 19,5 meter lengde og 10 tonn aksellast.

I tillegg skal kommunen bruke poengskjema M-016 for prioritering mellom veganlegg.

### Tilskotsgrunnlag

Statstilskot skal normalt reknast ut på grunnlag av totale anleggskostnader. Tilskot og ytingar frå anna hald skal likevel gå til fråtrekk frå anleggskostnadene (eks. som jordbruksinteresser, kraftverk, hytter o.l.). Eventuell kostnad til veggrunn skal ikkje vera med i tilskotsgrunnlaget.

Utgifter til planlegging og byggjeleiing utført av profesjonell vegplanleggjar kan takast med i tilskotsgrunnlaget. Meirverdiavgift, rydding av veglinje, planleggingsmøte,

rekneskapsføring, byggjeleing i eigen/andres regi og verdien av egne massar til bere- og slitelag i og langs vegen inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget. Verdien/grunnverdien av bere- og slitelag som hentast frå massetak på eigen grunn, der same grunneigar står som byggherre/einaste interessent, inngår heller ikkje i tilskotsgrunnlaget. Transport og opplasting inngår som vanleg i tilskotsgrunnlaget.

#### *Særlege omsyn*

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader grunna dette gå inn i tilskotsgrunnlaget.

Der det er behov for å ta naudsynte miljøomsyn, kan ein kompensera for dette med ein noko høgare tilskotssats.

### **Søknad og sakshandsaming**

Ved søknad om tilskot til skogsvegbygging skal ordinært søknadsskjema – «*Søknad om tilskot til vegbygging*» (LDIR-903) med kartvedlegg brukast. Krav til byggjeplan og kartvedlegget går fram av baksida på søknadsskjema. Lenke søknadsskjema: [Tilskudd til veibyggning i skog - Landbruksdirektoratet](#)

For sluttutbetaling, eller delutbetaling, skal «*Rekneskapsamandrag for skogsveganlegg*» (LDIR-904) brukast. Lenke skjema: [Be om utbetaling for skogsveianlegg - Landbruksdirektoratet](#). Før sluttutbetaling skal feltkontroll av veganlegget vere gjennomført. Skjema «*Bygging av skogsvegar – Resultatkontroll*» (LDIR-913) skal brukast og fyllast ut i samband med kontrollen. 20 % av tilskotet skal haldast igjen inntil vegen er ferdig godkjent.

Kommunen utbetaler vegtilskotet i ØKS. Alt må registrerast i ØKS - byggesøknad, søknad om tilskot, rekneskapsamandrag og resultatkontroll.

Det skal førast rekneskap for veganlegget. Utgiftspostane i rekneskapen må kontrollerast og dokumenterast med vedlegg/underbilag. Eige arbeid/arbeidsinnsats skal dokumenterast med timelister.

Byggjeperioden for ein veg som mottek statstilskot er inntil 2 år. Kommunen kan i spesielle tilfelle forlenga byggjeperioden med inntil 3 år.

Tilskot som ikkje er nytta innan utgangen av fastsett byggjeperiode vert trekt inn.

Oppfølging av brot på vilkår og ev. tilbakebetaling, dispensasjon, klage m.m. gårfram av «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*».

**Vedlegg:**

- Poengsskjema M-16
- LDIR - 916 Skjema søkand om tilskot til drift med taubane o.a.
- LDIR- 903 Søknad om tilskot til vegbygging
- LDIR-904 Rekneskapssamandrag for skogsveganlegg
- LDIR-913 Skjema resultatkontroll skogsvegar